



Skulen har fått 10 elektroniske tavler

**Klasseromsfløyen ved skulen opna i ny skikkelse i føremiddag, men det stoppar ikkje der - det er også montert elektroniske tavler - 10 i talet i klasseromma, bibliotek og møterom. Dei 19 førsteklassingane kunne dermed komme direkte inn i dataalderen. Men teikne måtte dei gjera sjølve og den første oppgåva var å teikna noko kjekt frå sommarferien.**



Maria Larsen underviser dei 3 førsteklassingane Linnea, Iselin og Nora

Dei nye elevane hadde tydelegvis vore på skulen før, dei fann fort plassane sine og vart fortruleg med arbeidssituasjonen. Her er klassa: Elvira Haugland Bondhus, Troas Bu, William Samland Eik, Linnea Enes, Jonas Tofte Guddal, Maren Haugland Gundersen, Nelly Borgen Hermannsen, Nora Hjørnevåg, Torger Johan Koløy, Robin Lakselv, Sarune Lebednykaite, Iselin Seim Myklebust, Malene Olsen, Matas Ridzevicius, Linnea Myklebust Ripel, Jeanette Steinsletten, Viljar Steinsletten, Malin-Kristin Arnesdatter Stølsvik og Isak Soltveit Taranger.

Hilde Borge Bringedal er klassestyrar medan dei andre lærarane i klassa er Maria Larsen og Kari Marte Bartlett.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Førsteklassen har no 19 elevar